# Opplæringslova 9A aktivitetsplikt, tiltaksplan

## 1. Opplæringslova 9A

Kapittel 9 A. Elevane sitt skolemiljø

www.lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11

§ 9 A-1.Kapitlet her gjeld for elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skolefritidsordningar.

§ 9 A-2. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3. Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. .. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

§ 9 A-4.Alle som arbeider på skolen, skal **følgje med** på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og **gripe inn** mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal **varsle** rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast **undersøkje** saka.

## 2. Aktivitetsplikta

Aktivitetsplikta er delt i fem delplikter:

www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/

**1. Plikt til å følgje med**
Plikta startar ved mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det er ei plikt for den enkelte til å vere årvaken og aktivt observere korleis elevane agerer kvar for seg og seg i mellom.

**2. Plikt til å gripe inn**
Alle skal gripe inn overfor krenkingar. «Gripe inn» skjer med ein gong og er retta mot å stoppe ein situasjon som er i gang og er forholdsvis akutt.

**3. Plikt til å varsle**
Rektor skal varslast ved all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.  Rektor kan delegere oppgåva (ikkje ansvaret). Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

## 3. Tiltaksplan og dokumentasjon

**5. Plikt til å sette inn tiltak***

www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/#sette-inn-tiltak

Skulen har ei plikt til å setje inn tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit godt og trygt skulemiljø. Når det skal setjast i verk tiltak, skal skulen lage ein skriftleg plan for dette. I planen skal det stå:

- kva problem tiltaka skal løyse
- kva tiltak skulen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast

Skulen skal òg dokumentere kva som er blitt gjort for å løyse saka (*heile Aktivitetsplikta, punkt 1-5*).
www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/#krav-om-aktivitetsplan

**Mal for skulen sin plan når de skal setja inn tiltak – eit eksempel på oppsett:**

**Elev:** **Skule:** **Dato:**

**Kva skal denne planen løyse?**
[Eleven sitt namn] har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. [Skulen sitt namn] har [dato] fått vite av [kven]/har funne ut ved hjelp av [korleis] at [eleven sitt namn] ikkje har det trygt og godt på skolen fordi [skriv kva som er utfordringa basert på eleven si subjektive oppfatning].

**Kva meiner eleven?**
[Kva har eleven uttalt om saka? Viss eleven har synspunkt om kva for tiltak som bør setjast inn, kva meiner eleven at er eigna tiltak?]

**Kva for tiltak har skulen planlagt og når skal tiltaka gjennomførast?**
[De skal setje inn tiltak de meiner er eigna og tilstrekkelege til at eleven får eit trygt og godt skulemiljø, basert på faglige vurderingar og etter å ha høyrt med eleven kva han/ho meiner og ønskjer.

## 1. Opplæringslova 9A

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

a) kva problem tiltaka skal løyse
b) kva tiltak skolen har planlagt
c) når tiltaka skal gjennomførast
d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

§ 9 A-5.Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

§ 9 A-6.Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

## 2. Aktivitetsplikta

**4. Plikt til å undersøke**

Plikta startar når ein har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Terskelen skal vere låg. Plikta blir alltid utløyst dersom ein elev sjølv seier frå at han eller ho ikkje opplever at det er trygt og godt på skulen.

**5. Plikt til å sette inn tiltak***

Skulen har ei plikt til å setje inn tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit godt og trygt skulemiljø.

Plikta omfattar å følgje opp tiltaka og evaluere korleis tiltaka verkar. Dersom eleven opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø, skal dette alltid utløyse aktivitet og plikt til å setje inn tiltak.

Involverte elevar skal bli høyrt, og eit grunnleggjande omsyn skal vere elevane sitt beste.

Når det skal setjast i verk tiltak, skal skulen lage ein skriftleg plan for dette. Skulen skal også dokumentere kva som er blitt gjort for å løyse saka.

www.bomlo.kommune.no/tenester/skule-og-oppvekst/fellesinformasjon/nytt-lovverk-om-retten-til-eit-godt-skulemiljo.227676.aspx

## 3. Tiltaksplan og dokumentasjon

Tiltaka må være lovlege, og omsynet til barnet sitt beste skal vera grunnleggjande.

Mange saker fordrar tiltak på både individ-, gruppe- og skulenivå. Når det vert sett inn tiltak for at eleven skal få eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring trengst det ofte òg tiltak som kan bidra til å førebyggje og/eller hindre at eleven får negative sosiale, psykiske eller psykosomatiske etter-verknader etter hendinga.

Viss de ser at det er behov for å endra tiltaka eller setja inn andre tiltak etter kvart, lagar de en ny aktivitets-plan. De skal kontinuerlig passe på at det er eigna og tilstrekkelege tiltak som er sett inn.]

| [Skulen sitt namn] set inn desse tiltaka: | Ansvarleg:* | Angi tiltaket si varig-heit [dato frå og til/ «fram til eleven og foreldra bekreftar å ha det trygt og godt»]: |
|---|---|---|
| 1) | | |
| 2) | | |
| 3) | | |

(Antal tiltak må tilpassast den einskilde saka.)

*[Det er alltid skolen/skuleeigar som er ansvarleg for at tiltak vert gjennomført. Her skriv de kven på skolen/hos skuleeigar som er ansvarlege for at kvart einskild tiltak vert gjennomført. Viss de har avtalt med nokon som ikkje er tilsett hos skolen/skuleeigar at dei skal gjennomføre tiltaket, skal det òg framgå. De skal ikkje leggja ansvaret på eleven eller foreldra i aktivitetsplanen, som handlar om kva skolen skal gjere for at eleven skal få det trygt og godt på skolen.]

**Når skal tiltaka evaluerast?**
Skolen skal evaluere tiltaka første gong [dato, ikkje for langt fram i tid].

**Viss du ikkje er fornøgd med kva skolen gjer for at [du/barnet ditt] skal få det trygt og godt på skolen, kan du melda saka til fylkesmannen.**